



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 30.05.2017

Sak nr.: 17/3122-6

Internt l.nr. 21765/17

Sak: 15/17

Tittel: Høyring - Forslag til ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringa

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

Endringsframlegg:

Tore Storehaug (KrF) kom med framlegg om å stryke kulepunkt 5:

- Kap. 2.3: Kompetanse i fagene: ...og omfatter blant annet praktiske, motoriske, kognitive, sosiale, kreative og språklige ferdigheter.

Avrøysting:

Endringsframlegg fekk 2 røyster og fall. Tore Storehaug (KrF) og Sonja Merethe Øvre-Flo (H) røysta for.

Framlegget frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksframlegg

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 17/3122-5

Høyring - Forslag til ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringa**Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga .

Vedlegg:

- Uttale frå Opplæringskontora sitt samarbeidsutval
- Uttale frå Ungdomspolitisk utval

Andre relevante dokument i saka:**SAKSFRAMSTILLING**

Kunnskapsdepartementet sendte 10.03.2017 ut på høyring *Overordnet del – verdier og prinsipper* som er eit framlegg om fornying av læreplanen sin generelle del. Målet er at generell del og fagfornyinga skal sikre eit verdiløft gjennom å løfte fram opplæringa sitt breie lærings - og kunnskapssyn. Endringane skal også medverke til ein betre samanheng i læreplanverket for grunnopplæringa.

Kunnskapsdepartementet har lagt opp til ei brei høyring og alle som ynskjer det, kan sende inn uttale. Fylkesdirektør for opplæring har sendt høyringa ut til dei vidaregåande skulane, ungdomspolitisk utval, elevorganisasjonen og opplæringskontora sitt samarbeidsutval. Høyringsfristen er sett til 12. juni 2017. Komplett oversikt over høyringsnotatet med tilhøyrande underlag ligg ved saka.

Fylkesdirektøren har fått innspel frå:

- Opplæringskontora sitt samarbeidsutval (vedlegg 1)
- Ungdomspolitisk utval (vedlegg 2)
- Ein vidaregåande skule

Innspela er innarbeidd i felles høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, men uttale frå ungdomspolitisk utval og opplæringskontora sitt samarbeidsutval er også lagt ved saka.

1. Bakgrunn for høyringa

Ved innføringa av Kunnskapsløftet i 2006 behold ein Generell del av læreplanverket, blant anna fordi føremålsparagrafen i opplæringslova ikkje var endra. Føremålsparagrafen vart endra i 2008 og skildrar dei grunnleggande verdiane skulen byggjer på og skulen sitt breie samfunnsmandat. Ny generell del skal prege all planlegging, opplæring og utvikling i skulen, og løfte fram opplæringa sitt breie lærings- og kunnskapssyn. Dokumentet skildrar grunnsynet som skal prege og støtte pedagogisk praksis i skulen frå grunnskule til vidaregåande opplæring og skal, som i dag, ha status som forskrift til opplæringslova saman med resten av læreplanverket.

Departementet foreslår at dokumentet skal heite *Overordnet del – verdier og prinsipper*.

Dokumentet skal vere felles for norsk og samisk grunnopplæring. Det skal også gjelde for skular som er godkjende etter lov om frittstående skular.

Generell del av læreplanen er eit svært viktig dokument som skal gi føringar for opplæring i fag, prinsipp for skulen sin praksis og tydeleggjere opplæringa sitt ansvar for danning og utvikling av elevane sin heilskeplege kompetanse.

Rammene for fornying av Generell del er skildra i kapittel 3 i [Meld. St. 28 \(2015 -2016\)](#).

2. Høyringsutkast

Ny generell del er tydeleg forankra i føremålsparagrafen og opplæringa sitt verdigrunnlag og praksis skal bygge på innhaldet i han. Fylkesdirektøren si høyringsuttale vil derfor omfatte prinsipp for læring og utvikling og skulen sin praksis, og omtale følgjande område der ein meiner det er behov for endringar:

- praktisk opplærings sin plass i overordna del
- ein sjette grunnleggande ferdigheit
- kompetanse i fag
- overordna verdiar
- både skulen og bedrifta skal
- nytt namn

Praktisk opplæring sin plass i overordna del

Forsking og næringsliv peikar på at samfunnet treng fagarbeidarar. Faga for dei som m.a. likar å byggje, skape og reparere, og som vi treng meir enn nokon gong, må difor kome tydelegare fram i dokumentet. Praktisk kunnskap er naudsynt for at vi skal kunne ha eit sjikt av sjølvstendige fagyrke, og *Overordnet del – verdier og prinsipper* må ha ein agenda som tydeleg viser verdien av praktisk kunnskap og fag som gir farge, smak og smil til liva våre. Dette er naudsynt for å bryte ned barrierar mellom det akademiske og det yrkesfaglege.

Fylkesdirektøren for opplæring meiner at dersom praktiske ferdigheiter skal få større status/plass i opplæringa må det kome tydelegare fram i *Overordnet del – verdier og prinsipper*. Direktøren gjer framlegg om følgjande justeringar i teksten:

- **Kap. 1: Opplæringens verdivalg:**... og skolen må ivareta og gjøre dem levende gjennom praktisk og teoretisk kunnskapsformidling,
- **Kap. 1.3: Kritisk tenking og etisk bevissthet:** en forståelse av kritisk og vitenskapelig tenkning slik at de kan søke sannhet og forståelse gjennom praktisk testing,
- **Kap. 1.4: Skaperglede, engasjement og utforskertrang:**...elevane skal få utfolde sine egne skapende krefter gjennom praktisk sansning og tenkning...
- **Kap. 2.3: Kompetanse i fagene:**.... slik at de lærer å bruke faglige kunnskaper og ferdigheter på relevante, kreative og kyndige måter i teoretiske og praktiske øvinger.

- **Kap. 2.3: Kompetanse i fagene:** ... og omfatter blant annet praktiske, motoriske, kognitive, sosiale, kreative og språklige ferdigheter.
- **Kap. 2.4: Grunnleggende ferdigheter:** gjennom et mangfold av tekster, praktiske utprøvinger og kommunikasjonsteknologier.
- **Kap. 2.5: Å lære å lære:** ... bidrar til dybdelæring når elevene ser sammenhenger mellom teoretiske og praktiske kunnskapsområder ...

Ein sjette grunnleggande ferdigheit

I avsnitt 2.4 står det følgjande om dei 5 grunnleggande ferdigheitene: «Disse ferdighetene er nødvendige redskaper for læring i alle fag og er avgjørende for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv.» Ferdigheitene blir skildra som verktøy elevane treng for å lære i alle fag. Vidare står det i *Overordnet del – verdier og prinsipper* at «Kunnskap skapes og formidles i dialog med andre og gjennom et mangfold av tekster og kommunikasjonsteknologier». Fylkesdirektøren meiner at praktisk arbeid manglar i denne skildringa av korleis ein ervervar og formidlar kunnskap. Praktiske ferdigheter som til dømes materiallære og bruk av tradisjonelle verktøy, er naudsynte reiskap for læring i mange fag og avgjerande for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv.

Fylkesdirektøren gjer framlegg om å innføre ein sjette grunnleggande ferdigheit; **praktisk innsikt**

Kompetanse i fag

I kap. 2.3 *Kompetanse i fagene* står det at «Den kompetansen elevene får i arbeid med fag, er avhengig av at de utvikler både kunnskap, ferdigheter og holdninger.» Likevel har Kunnskapsdepartementet vektlagt kunnskap og ferdigheter og utelate haldning i sin definisjon av kompetanseomgrepet: «Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner.»

Fylkesdirektøren meiner det er viktig å vere tydeleg på danningperspektivet i definisjonen som kompetansemåla i fag skal bygge på og gjer framlegg om at teksten blir justert til: «Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper, ferdigheter og holdninger til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner.»

Overordna verdier

Formålsparagrafen og ny generell del er eit tydelege verdidokument. Dei mange verdiane som er tekne fram i dokumentet blir, slik det er utforma no, framstilt som likeverdige. Fylkesdirektøren for opplæring meiner at *Overordnet del – verdier og prinsipper* skal vere tydlegare i verdsetjing av dei ulike verdiane.

Både skulen og bedrifta skal

Det er viktig at *Overordnet del – verdier og prinsipper* er tydeleg i kommunikasjonen om å vere ei forskrift for heile opplæringsløpet, også opplæring i bedrift.

Fylkesdirektør for opplæring gjer framlegg om at utsegna som dei fleste av kapitla i del 1, 2 og 3 startar med blir endra frå *skolen skal* til opplæringa skal.

Nytt namn

Departementet foreslår at dokumentet skal heite *Overordnet del – verdier og prinsipper* og fylkesdirektøren for opplæring støttar forslaget.

Opplæringskontora sitt samarbeidsutvalg - OKSU

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Høringsinnspill til Generell del av læreplanen

Viser til invitasjon og felles arbeidsmøter og sender som avtalt våre innspel til arbeidet med ny Generell del av læreplanen – Overordna plan.

Vi ber fylkesdirektøren ta med arbeidsliv i 3. avsnitt første setning i forordet, sånn at ny ordlyd vert : Den overordnede delen av læreplanverket beskriver det forpliktende grunnsynet som skal prege og støtte pedagogisk praksis i skolen *og arbeidslivet* .

Vi ber fylkesdirektøren vurdere om det bør seiast noko om *demokrati, status på yrkesfag* kontra studiespesialisering . For samfunnet er det viktig at alle utdanningar er likestilt, då kan det være rett å stille seg spørsmål om det kanskje høyrer heime i det Overordna dokumentet.

Vi er samd i fylkesdirektøren sitt forslag til høringsinnspill og støtter desse.

I tillegg meiner vi at fylkesdirektøren sitt innspel i siste avsnitt er særskilt viktig, referert :

*å innføre ei sjette grunnleggande ferdigheit; **praktisk innsikt**.*

Referert :

Fylkesdirektøren for opplæring meiner at Overordna del ikkje klarer å gje den praktiske opplæringa verdi og gjer framlegg om følgjande justeringar i teksten:

- **Opplæringens verdivalg, side 4, tredje avsnitt:**... og skolen må ivareta og gjøre dem levende gjennom praktisk og teoretisk kunnskapsformidling,
- **Kritisk tenking og etisk bevissthet, side 6, andre avsnitt:** en forståelse av kritisk og vitenskapelig tenkning slik at de kan søke sannhet og forståelse gjennom praktisk testing,
- **Kritisk tenking og etisk bevissthet, side 7, første avsnitt:** Både kunstnerisk arbeid, vitenskap og praktisk yrkesutøvelse krever
- **Skaperglede, engasjement og utforskertrang, side 7, tredje avsnitt:**...elevene skal få utfolde sine egne skapende krefter gjennom praktisk sansning og tenkning...
- **Kompetanse i fagene, side 10, tredje avsnitt:** slik at de lærer å bruke faglige kunnskaper og ferdigheter på relevante, kreative og kyndige måter innen teori og praktiske øvinger.
- **Kompetanse i fagene, side 11, andre avsnitt:** ... og omfatter blant annet praktiske, motoriske, kognitive, sosiale, kreative og språklige ferdigheter.
- **Grunnleggende ferdigheter, side 11, andre avsnitt:** gjennom et mangfold av tekster, praktiske utprøvinger og kommunikasjonsteknologier.

- **Å lære å lære, side 12, tredje avsnitt:** ... bidrar til dybdelæring når elevene ser sammenhenger mellom teoretiske og praktiske kunnskapsområder ...

I tillegg til desse tilføyningane i teksten gjer fylkesdirektøren framlegg om å innføre ei sjette grunnleggande ferdigheit; **praktisk innsikt**. Fylkesdirektøren meiner at i tillegg til dei fem allereie definerte grunnleggande ferdigheitene - lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheter og digitale ferdigheter, bør kunnskapsdepartementet vurdere **praktisk innsikt** som ein sjette ferdigheit. Praktisk ferdighiet er naudsynt reiskap for læring i alle fag og er avgjerande for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv. Kunnskap skapas og formidlast i dialog med andre og gjennom et mangfald av tekster, **praktisk innsikt** og kommunikasjonsteknologi.

Høyringsinnspelet er handsama i plenum i OKSU, det er eit samla samarbeidsutval av alle 13 opplæringskontora som står bak uttalen.

Med venleg helsing



Jorunn Eide Kirketeig

- Leiar -

Opplæringskontora sitt samarbeidsutval - OKSU

Høyringsvar til fylkesdirektør for opplæring om forslag til ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringa

På møte den 21. til 23. april handsama ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane "Høring av forslag til ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringen som skal erstatte gjeldende Generell del og Prinsipper for opplæringen", og har følgjande merknadar til høyringsutkastet:

Ungdomspolitisk utval stiller seg i hovudsak positivt til innhaldet i høyringsutkastet, men har nokre få generelle kommentarar og forslag til endringar.

Kommentar nr. 1: Utvalet meiner at heile høyringsutkastet burde ha vore korta ned og presisert. Dette meiner ein vil gjere jobben enklare for dei ansvarlege når forskrifta vert brukt i praksis. I tillegg til det meiner utvalet at det burde vere eit poeng i seg sjølv at den som vert styrt av ein plan (her: eleven) har høve til å forstå innhaldet i denne òg. Derfor synest utvalet at ein gjerne kunne ha korta ned og presisert språket i høyringsutkastet ytterlegare.

Kommentar nr. 2: Utvalet stiller spørsmålsteikn ved vektlegginga av kristendom i høyringsutkastet (punkt 1.2). Ungdomspolitisk utval har ikkje noko problem med kristendomen i høyringsutkastet, men heller korleis denne vert uttrykt. Her kjennest det ut som ein til dømes har lagt til "humanistisk" og heile det nest siste avsnittet berre for å vere 'korrekt'. Dette verkar veldig kunstig. Kanskje burde ein sjå på punkt 1.2 og vurdere om ei anna formulering er mogleg.

Kommentar nr. 3: Utvalet meiner at ein burde leggje til ordet "val" i nest siste setning under punkt 1.6. Skulevala er essensielle for at skuleelevar får varierte erfaringar med å praktisere demokratisk deltaking.

Forslag til endring: Endre frå "Elevene skal få erfaring med og praktisere ulike former for demokratisk deltakelse og medvirkning, både i det daglige arbeidet i fagene og gjennom skolens råd og organer." til "Elevene skal få erfaring med og praktisere ulike former for demokratisk deltakelse og medvirkning, både i det daglige arbeidet i fagene,

gjennom skolens råd og organer, og val.”

Kommentar nr. 4: Utvalet meiner at det er synd at det ikkje vert nemnt noko om kjønns-seksualitetsmangfald i høyringsutkastet. I høyringsutkastet, meiner utvalet, vert mangfald stort sett berre nemnt når det er snakk om etnisitet.

Kommentar nr. 5: (punkt 2.2) Utvalet meiner at avsnitt to på side 10 burde formulerast tydelegare, slik at teksten ikkje opnar for tolking.

Forslag til endring: Endre frå ”I møte med elevene skal lærerne fremme kommunikasjon og samarbeid som gir elevene mot og trygghet til å ytre sine meninger og si fra når de er uenige.” til ”I møte med elevene skal lærerne oppfordre til diskusjon som gir elevene mot og trygghet til å ytre sine meninger og si fra når de er uenige.”

Kommentar nr. 6: Utvalet meiner at aller siste setning under punkt 3.3 kan strykast. Ein ser setninga som sær å avslutte med ettersom resten av avsnittet konkluderer innhaldet under punkt 3.3 veldig godt.

Forslag til endring: Stryk ”Alle ansatte i skolen må ta aktivt del i det profesjonelle læringsfelleskapet for å videreutvikle skolen.”

Beste helsing

Ole-Ansger N. Martini

Leiar i ungdomspolitisk utval